

# TIL KAUTOKEINO

TEKST: Erna Osland • ILLUSTRASJON: Inger Lise Belsvik



Siri fann ei fjør.  
Ho la fjøra under puta.

Om natta begynte ho å flyge.  
Ho var blitt ein fugl!

Fuglen flaug til Kautokeino.  
Han ville til Matti.

I fjor var Matti og Siri venner.  
Dei budde i same hus.  
Men så måtte Matti flytte.

Matti flytta med mora.  
Ho ville til Kautokeino,  
for der hadde ho reinsdyra sine.

Siri blei heilt aleine.  
Men no er Siri ein fugl.  
Og fuglen flyg til Kautokeino.

Der ser fuglen reinane!  
Dei spring i midnattssola,  
ein kjempeflokk med horn av gull.

Midt i flokken sit Matti.  
Han sit på ei tyttebærtue.

Fuglen set seg på hovudet hans.  
– Matti-vennen min, kvitrar Siri.  
– Siri-vennen min, kviskrar Matti.  
Han gir henne bær.  
Han vil at ho skal komme igjen.  
Igjen. Og igjen.  
Kvar natt til Kautokeino.